

# IT-FORUM VEST


## Strategi for 2022 – 2025

Brukarnytte – Samarbeid – Mobilisering



IT Forum Vest bidrar til berekraftig vekst i Vestland gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentleg sektor, utdanning og forsking.

IT Forum Vest tek initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.



# Innhaldsliste

1.	Innleiing:	4
	Tilbakemeldingar	5
	Eksternt:	5
	Internt blant medlemmer:	5
2.	Trendar og drivkrefter	6
	SWOT-analyse	8
	Moglege tiltak som adresserer SWOT-analysen	9
3.	Strategisk retning	10
	Vårt samfunnsoppdrag/føremål:	10
	Vår visjon:	11
	Våre verdiar:	11
	Våre konkurransefortrinn:	11
4.	Ny strategi:	12
	Samfunnsoppdrag:	12
	Mål:	12
1.	Vi skal bidra til at alle skal kunne bu trygt og lengst mogleg heime med velfungerande e-helsetenester.	14
2.	Vi skal bidra til at alle innbyggjarar i Vestland skal ha tilgang til breiband med høg hastigheit.	15
3.	Vi skal bidra til auka rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi.	16
4.	Vi skal vere med å utvikle næring og skape arbeidsplassar innan teknologi og helse.	17
5.	Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon.	18
	Berekraft	19

## 1. Innleiing:

(Kvifor lagar vi ein ny strategi? Kva vil vi fikse, bidra med eller unngå som eit resultat av denne prosessen/planen?) Denne nye strategien er laga for å møte endringar som påverkar IT Forum Vest (ITF). Blant desse er:

- Vestland fylkeskommune, vår viktigaste finansieringskjelde, har sett retning og rammer for samfunnsutviklinga i Vestland. Dette påverkar mykje av det vi gjer i dag, enten direkte eller indirekte. Føringar i partnarskapsavtalen i 2021 og 2022 er at vi skal dekke heile Vestland fylke på tema digital infrastruktur, rekruttering og mangfald, velferdsteknologi og næring. Dei nye planane vil påverke dette framover.
- Korona-pandemien ramma samfunnet vårt i mars 2020 og påverkar framleis samfunnet både globalt, nasjonalt og lokalt. Den har også fått direkte følgjer for aktiviteten i IT Forum Vest.
- Vi har hausta viktige erfaringar med to år i ein større region (Vestland).
- Vi har hausta viktige erfaringar med ein større variasjon av kompetanse i administrasjonen i 2021.
- Vi har nye styremedlemmer og nye medlemmer.

Alt dette gir oss både moglegheiter og truslar som vi må ta omsyn til og reagere på i det vidare arbeidet.

### Prosess

Prosessen med strategien er ein kombinasjon av undersøking, dialog og møte, der vi har forsøkt å kartlegge status og moglege utviklingsretningar for ITF. Følgande oversikt viser dei viktigaste aktivitetane:

- 19. - 23. Oktober 2021: Medlemsundersøking (digitalt)
- Oktober – november 2021: Intervju med representantar for regionar og kommunar:
  - Hardangerrådet v/Jostein Eitrheim
  - Samarbeidsrådet for Sunnhordland v/Tora Myklebust
  - Vaksdal kommune v/Vidar Skeie
  - Sogn regionråd v/Karian Nerland
  - Nordfjordnett v/Tor Halvar Botnen
  - Sogndal kommune v/ Bente Mossige Ask og Torkjell Solbraa
  - Initiativ Vest v/Tommy Aarethun
  - Eviny v/Rolf Sanne-Gundersen
  - PwC v/Gunn Merete Paulsen

- 11. - 12. November 2021: Styresamling i Bergen (alle i styret deltok)
- 25. Januar 2022: Styresamling (video pga. korona)
- 8. mars 2022: Styremøte – vedtak
- 7. april 2022: Årsmøte – presentasjon og drøfting

## Tilbakemeldingar

### Eksternt:

- Tilbakemeldingane uttrykker i stor grad at ITF er relevant og eit viktig verktøy for samarbeid i regionen i møte med store og komplekse oppgåver som skal løysast på vegner av fellesskapet. Samstundes blir det peika på at det er mange gode organisasjonar som driv med mykje det same og med dei same folka.
- Fleire utfordrar oss på å vere meir synlege, meir spissa og bidra til ein meir saumlaus og nødvendig endring av næringslivet i ei berekraftig retning.
- Relevant for “Grøn region Vestland”
- Breiband blir sett ulikt på. Alle meiner det er viktig arbeid, men oppfatninga er delvis at dette er i ferd med å vere løyst og at vi må bruke kreftene våre på det som ikkje er løyst, t.d. mobilsamband. (kva er det nye breibandet?)
- Ta “lead” for store satsingar t.d. klynger
- For stor del offentlege aktørar
- Rekruttering og tilgang til arbeidskraft blir løfta som eit kritisk behov.
- Velferdsteknologi er viktig for kommunane
- Skal ITF ha ein særskilt plass, eller skal det vere eit slags lim som held i dei sakene som betyr mykje for oss?

### Internt bland medlemmer:

- 5 av 10 er *fornøgd* med arbeidet ITF gjer opp mot samfunnsoppdraget, medan 4 av 10 er *Svært fornøgd*. 1 av 10 er *misfornøgd*.
- 9 av 10 medlemmer er fornøgd med arbeidet ITF gjer for sine medlemmer. 1 veit ikkje.
- Breiband, nettverksbygging og Rekruttering og Mangfold blir i størst grad vurdert til å vere *Svært viktig*.
- *Felles satsing i heile Vestland*
- *Jobbskaping*
- Kople ulike sektorar, synleggjere behov

## 2. Tрендар og drivkrefter

- **Politisk:**
  - Ny regjering, likevel relativt stabilt politisk nasjonalt. Viktige signal er fordeling av gode mellom menneske og regionar, jobbskaping, kutte utslepp og ta heile landet i bruk. Vilje til utbygging av digital kommunikasjon er stor. Her er det viktig at kommunane i Vestland er i stand til å nytte moglegheitene, planleggar og gjennomfører prosjekt. Reversering av samanslåtte kommunar og fylke, ikkje aktuelt i Vestland.
  - Vestland fylkeskommune (VFK) har viktige strategiske prosessar og legg planar som får stor innverknad på kor pengane skal styrast. Grønn region Vestland er døme på dette. VFK skal i første halvår 2022 utvikle ein temaplan for digitalisering og telekommunikasjon, der ITF er med som ein viktig bidragsytar.
  - (Etter februar 2022): Globalt er det stor uro pga. krig i Ukraina. Dette påverkar det politiske klimaet med tanke på forsvaret og internasjonalt samarbeid i NATO og EU. Også it-sikkerheit, energiforsyning/-prisar og matsikkerheit er sterkt påverka.
- **Demografi:**
  - Den demografiske utviklinga i Noreg viser at talet på personar med behov for pleie- og omsorgstenester aukar, medan talet på helsepersonell er venta å gå ned. Dette er venta å bli eit stort problem for dei fleste kommunar i Vestland. Digitalisering og å få med alle kommunane er ein vesentleg del av løysinga for å kompensere for dette. E-helse og velferdsteknologi er ein stor del av løysingane som skal gjere helse- og omsorgssektoren i stand til å oppretthalde og auke kvaliteten på tenestene i åra framover.
  - Rekruttering blir ei utfordring for mange framover, særleg innan helse og teknologi.
- **Økonomisk:**
  - Pandemi har stressa både næringsliv, offentleg sektor og innbyggjarar. Krisespakkar har demma opp og det er få arbeidsledige. Renta vil stige.
  - Berekraft er blitt økonomisk. "Alle" blir straffa om dei ikkje omstiller seg og er transparente.
  - Det vil bli endra skattelegging av næringsliv og noko redusert samarbeid offentleg/privat sektor, jf Hurdalsplattformen og vedteke statsbudsjett.
  - (Etter februar 2022): Globalt stor uro pga. krig i Ukraina. Dette påverkar alle også nasjonalt t.d. flyktningestraumar, kraftprisar, klima og miljø, varehandel, matsikkerheit, matforsyning og andre varer.
- **Sosialt:**
  - Ein stadig eldre befolkning kombinert med digitalisering opnar for og krev meir bruk av teknologi for eit sosialt liv.

- Digitalisering har mange sosiale og helsemessige fordelar, men fører også til digitalt klassekilje og digitalt utanforskap
- Vi kan bu og jobbe kor som helst - større fridom
- Pandemien har ført til at dei som er aleine, er blitt meir einsame, og at alle har bevegd seg mindre. Nettverka er endra.
- **Teknologisk:**
  - Sterk digitalisering gjer at offentleg sektor må omstille og brukarane må få hjelp. Forventningane til at kommunar fiksar dette er blitt høg!
  - God digital infrastruktur er avgjerande for å kunne delta i eit moderne samfunn. Her skjer det mykje og vi må vere "på ballen" med vår erfaring, kompetanse og nettverk skal Vestland lukkast. (Sjå også "politisk").
  - Digitalt utanforskap, ikkje berre sosialt, men også fagleg og som borgar. Du får ikkje jobb i dag om du ikkje har digitale ferdigheiter. Dei som har digitale ferdigheiter vil ikkje jobbe i verksemder som ikkje er gode på dette.
  - Tilgang til teknologisk arbeidskraft til næringsliv og off. sektor i mange kommunar er prekær. Dette heng saman med utdanningstilboda og kjønnsbalansen (sjå Rekruttering, mangfold og utdanning).
  - Krig i Ukraina har aktualisert it-sikkerheit som ein del av vårt cyber-forsvar.
- **Miljø:**
  - Det er globalt, nasjonalt og lokalt eit stort trykk for å endre måten vi jobbar på og kva tilgang vi får til å drive business.
  - FNs 17 berekraftsmål påverkar alle og er i dag eit krav til kommunane i utarbeiding av samfunnsplanar (alle kommunale planars "mor"). Også stat og næringslivet må rapportere i større grad mot desse måla. [Les meir om FNs berekraftsmål](#).
  - Finansielle aktørar har fått nye krav (EUs taksonomi) og overfører krava til kundar og leverandørar for å lukkast. Det endrar konkurransevilkåra for alle.
  - Openheitslova tek til å gjelde frå 1. juli 2022 for større selskap. Plikter inkluderer å vurdere aktsomheit, rapportere og informere (ved skriftleg førespurnad.) Dette vil på sikt sette standard også for andre.
  - Vi må i langt større grad bake FNs berekraftsmål inn i våre forretningsmodellar, strategiar og handlingar. Vi blir alle utfordra på å vurdere korleis vi påverkar miljø, samfunn og økonomi, rapportere på det og kommunisere det ut til våre interessentar.
- **Juridisk:**
  - Det blir meir EØS-samordning.

- Det er mange lovendringar som skal tilpassast ny teknologi, energiutfordringar og berekraftsmål.
- Det er mange handelshindringar pga. nye restriksjonar i samband med krig i Ukraina.

## SWOT-analyse

*(Kva er våre styrker, svakheiter, moglegheiter og truslar? Kva kan vi bruke av styrker for å utnytte moglegheiter og unngå truslar?  
Kva kan vi bruke av moglegheiter for å minimere svakheiter?)*

Styret noterte seg desse punkta under styresamlinga i Bergen:

STYRKER	MOGLEGHEITER
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Engasjement</li> <li>• Erfaring</li> <li>• Tilpassingsdyktige</li> <li>• Har ei god historie</li> <li>• Kvalitet og kontinuitet - gjer historieforteljinga solid</li> <li>• Vi har god finansiering frå fylkeskommunen</li> <li>• Brei representasjon i styret <ul style="list-style-type: none"> <li>○ 3 kvinner, 5 menn</li> <li>○ 4 frå privat næringsliv, 1 akademia, 3 off.sektor</li> <li>○ Dei fleste er heimehøyrande i Sfj, men 4 av dei representerer medlemmer som dekker heile Vestland fylke.</li> </ul> </li> <li>• Stort nettverk i regionen</li> <li>• Gode relasjonar</li> <li>• Vi er med i Grønn regional vekst i delplan digitalisering</li> <li>• Arbeidsgroupene</li> <li>• Godt posisjonert i Sfj</li> <li>• Godt nettverk i Sfj</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli ei viktig stemme i samfunnet</li> <li>• Påverke politiske prosessar</li> <li>• Ta større plass i utforming av politikk</li> <li>• Samarbeide med andre nettverk</li> <li>• Bruke kontaktnett som næringsalliansen Vestland, Sfj. Næringsråd, Bergen Næringsråd, NHO Vestland.</li> <li>• Etterspurt samfaktor</li> <li>• Kople ITF tettare til medlemsorganisasjonane for å bli ei sterkare kraft</li> <li>• Utnytte styrkene til å følge opp</li> <li>• Ha ITF-hatten på oftare</li> <li>• Positiv omtale i sosiale medium</li> <li>• Utvide i Vestland – etablere seg i heile fylket</li> <li>• Hordaland</li> <li>• Viktige tema, felles behov <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Desentralisert utdanning</li> <li>○ Digitalisering</li> <li>○ Velferdsteknologi</li> </ul> </li> </ul>

SVAKHEITER	TRUSLAR
<ul style="list-style-type: none"> <li>• For lite synleg</li> <li>• Udefinerbar</li> <li>• For bredt fokus?</li> <li>• For fokusert på historia</li> <li>• For “snille”?</li> <li>• Få personar til å gjere jobben</li> <li>• Skeiv styresamansetning mtp heile Vestland</li> <li>• Overvekt av styremedlemmer og medlemmer frå Sfj</li> <li>• Lite kjent i sør</li> <li>• For lite kjent i heile Vestland</li> <li>• Avgrensa økonomi</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Økonomi</li> <li>• Offentleg finansiering</li> <li>• Ikkje opplevd som relevante nok</li> <li>• Kva når breiband er ferdig utbygd?</li> <li>• Gløymd?</li> <li>• Blir lite synlege i mengda av ulike organisasjonar</li> <li>• Forsvinn i mylderet</li> <li>• Ulike behov i ulike delar av fylket og for ulike aktørar</li> <li>• Svak kontakt med regionråda</li> <li>• Lite kunnskap og utdanning i “distrikt”</li> <li>• Liten tid</li> <li>• Nøkkelmannsrisiko</li> </ul>

## Moglege tiltak som adresserer SWOT-analysen

- Rekruttere nye medlemmer, særleg sør i fylket
- Prioritere Grønn region Vestland – temaplan digitalisering – med:
  - Breiband/mobil/datasenter
  - Velferdsteknologi og digital utanforskning
  - Legge til rette for eigne resultat
  - Eldre utan nett / svakt nett - lage eit større prosjekt på dette opp mot demografisk utvikling
  - IOT – 5G – det nye breiband
- Adm med i samarbeidsgrupper i andre delar av fylket
- Støtte Sunnfjord Utvikling i å få i gang næringsklynge innan velferdsteknologi
- Presentere ITF for Næringsalliansen Vest
- Sikre dagens finansiering (FK), finne sekundær og levere på partnarskapsavtalen vi har.
- Vedta modell for årleg strategiprosess. Mål: Definere tydleg samfunnsoppdrag i satsingsområde

- Få på plass strategi for å sikre god styresamansetting opp mot formål
- Utgreie kompetansesamansetning i dagens adm opp mot framtidige mål
- Prosjekt: innsiktsarbeid Digitalt utanforskning
- Hjelpe HVL å opprette velferdsteknologiutdanning / Få på plass studieprogram i helseteknologi/velferdsteknologi i Vestland: påverke politisk for studieplassar og midlar til utvikling
- Kortsiktig: 4 proaktive bodskap i året som vi kan kommunisere
- Sikre ei styresamansetting med fordeling i fylket
- Fulltidstilsett – auke finansiering
- Positiv omtale i SoMe
- Følge opp punkt i Hurdalsplattforma og næringsplan for Vestland fylkeskommune: Søke midlar og påverke planar

### **3. Strategisk retning**

**Vårt samfunnsoppdrag/føremål:**  
*(Kvífor eksisterer vi? Kva gjer vi?)*

*Før:*

**Vi skal gjennom eit breitt samarbeid sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte informasjonsteknologi i næringsliv, offentleg sektor, opplæring, utdanning og forsking. IT-forum initierer samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.**

*No:*

**IT Forum Vest bidrar til berekraftig vekst i Vestland gjennom eit breitt samarbeid om IT i næringsliv, offentleg sektor, utdanning og forsking.**

**IT Forum Vest tek initiativ til, samordnar og bidrar i felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen.**

## Vår visjon:

(Kor går vi? Beskriv det vi ser for at vi er i framtida og som gir oss ei retning for kor vi skal gå som organisasjon.)

**Vi skal vere ein viktig alliansepart og sterkt bidragsytar for å skape ein god morgondag for alle i Vestland gjennom bruk av teknologi.**

## Våre verdiar:

(Korleis vil vi oppføre oss? Verdiane skal klargjere kva vi som organisasjon står for, kva vi trur på og kva andre kan forvente av oss i måten vi løyser ting på.)

Vi har ikkje definert nokre verdiar tidlegare. Likevel, samarbeid om å løyse felles problem på ein fleksibel og ubyråkratisk måte er sentralt. Det krev at vi evnar å vise omtanke og vere rause med andre, er villige til å dele, utnyttar kvarandre sine sterke sider, tilpassar og utviklingar, er tydelege i kommunikasjonen, kjenner til prosessar, held det vi lovar og er bevisst på vår merkevare som samarbeidspartnar/omdømmme.

Av dette kan vi vurdere orda: **brukarnytte - samarbeid – mobilisering**

## Våre konkurransefortrinn:

Kva er vi best til i den marknaden/segmentet vi opererer i?

- Vi har medlemmer og nettverk som både treng oss, men som også får ting til å skje
- Vi har nøkkelpersonar med tyngde og erfaring til å samhandle og vere lim i satsingar
- Vi har tillit, men det kjem stadig nye folk inn og det er avgjerande viktig å stadig pleie nettverka
- Vi har bra finansiering, men er avhengig av fylkeskommunen. Vi treng fleire bein å stå på.
- Vår aktivitet er forankra i fylkeskommunale planar. Det sikrar at vi er relevante.
- Vi er godt posisjonert i Sfi og har ei suksesshistorie å vise til, men den krev stadig fornying.
- Vi er best på breiband, men er i stigande grad viktige for velferdsteknologi-satsinga.
- Vi er ikkje best på Rekruttering, men vi er gode på å samle relevante aktørar for oversikt og samarbeid og vektlegging av mangfold og utdanning med vekt på teknologi.

- Mange kommunar ønskjer å samarbeide med oss i heile Vestland.
- Vi er kjent for å vere fleksible og ubyråkratiske.

## 4. Ny strategi:

*(Korleis vil vi lukkast? Kva er våre metodar vi vil bruke for å nå vår visjon? Dette skal svare ut spørsmålet "korleis".)*

### Samfunnsoppdrag:

Vi skal bidra til å skape ein god morgondag for alle i Vestland gjennom samarbeid om god digital infrastruktur og målretta bruk av IKT i næring, oppvekst og velferd.

### Mål:

*(Kva må vi legge vekt på for å nå våre mål? Dei "store "steinane" = strategiske mål.*

**VÅR STRATEGI: Vi skal bidra til å skape ein god morgondag for alle i Vestland gjennom samarbeid om god digital infrastruktur og målretta bruk av IKT i næring, oppvekst og velferd.**

**MÅL 1**

Vi skal bidra til at alle skal kunne bu trygt og lengst mogleg heime med velfungerande e-helsetenester.

**MÅL 3**

Vi skal bidra til rekruttering, mangfold og utdanning innan teknologi.



**MÅL 2**

Vi skal bidra til at alle har tilgang til breiband med høg hastighet.

**MÅL 4**

Vi skal vere med å utvikle næring og skape arbeidsplassar innan teknologi og helse.

**MÅL 5**

Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon.

1. Vi skal bidra til at alle skal kunne bu trygt og lengst mogleg heime med velfungerande e-helsetenester.

MÅL 1 	Problem vi skal løyse, eller moglegheiter vi skal gripe	Interessentar	Tiltak for å nå mål	Korleis vil det å nå dette målet få effekt?	Korleis vil vi vite at vi har nådd målet?
<b>IT-FORUM VEST</b>  <b>Vi skal bidra til at alle innbyggjarane skal kunne bu trygt og lengst mogleg heime med velfungerande e-helsetenester.</b>	<p>Den demografiske utviklinga i Norge viser at talet på personar med behov for pleie- og omsorgstenester aukar, medan talet på helsepersonell er forventa å gå ned.</p> <p>Digitalisering, og å få med alle kommunane på gode løysingar innan e-helse og velferdsteknologi, er ein vesentleg del av løysinga for å kompensere for dette.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle kommunane</li> <li>• Spesialisthelsetenesta (Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Vest IKT)</li> <li>• Utviklingssentra i Vestland: USHT Sfj, USHT Hordaland og USHT Fonna</li> <li>• Utdanning og forskingsmiljøa: Høgskulen på Vestlandet, inkl. senter for omsorgsforskning og Vestlandsforskning</li> <li>• Norec</li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Påverke politisk for studieplassar og midlar til utvikling</li> <li>2. Bidra og vidareutvikle samarbeidsnettverket i Vestland etter plan. Inkludere fleire partnarar</li> <li>3. Bistå Sunnfjord Utvikling i å få i gang næringsklyngje innan velferdsteknologi</li> <li>4. Bistå HVL i å utvikle velferdsteknologigutdanning</li> <li>5. Bidra til å etablere eit prosjekt som gir innsikt i digitalt utanforskap i vår region</li> <li>6. Bistå i utforming av studieprogram</li> <li>7. Vurdere erfaringsdeling og utveksling via Norec og deira program</li> </ol>	<p>Innbyggjarar får i større grad dekt sine behov og det offentlege løyser sine oppgåver på ein smartare måte.</p> <p>Adm vurderer status på mål og presenterer kvartalsvis ved hjelp av fargane grønt (i rute), oransj (under oppsikt) og raudt (i fare - krev tiltak).</p>	

2. Vi skal bidra til at alle innbyggjarar i Vestland skal ha tilgang til breiband med høg hastigheit.

MÅL 2	Problem vi skal løyse, eller moglegheiter vi skal gripe	Interessentar	Tiltak for å nå mål	Korleis vil det å nå dette målet få effekt?	Korleis vil vi vite at vi har nådd målet?
 <b>IT-FORUM VEST</b> <b>Vi skal bidra til at alle innbyggjarar har tilgang til breiband med høg hastigheit.</b>	<p>Dersom alle skal kunne bruke nye digitale tenester, og kunne delta i eit moderne samfunn, må også digital kommunikasjon vere tilgjengeleg.</p> <p>Koronapandemien har med all tydelegheit vist at godt breiband er avgjerande viktig for både næringsliv, skule og offentlege oppgåver.</p> <p>Det er særskilt viktig at alle i Vestland får eit slikt tilbod og at dei områda som no har dårlig dekning blir ferdig utbygd.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunane (planar og innsats)</li> <li>• Stortinget (budsjett)</li> <li>• Regjering (budsjett)</li> <li>• Vestland fylkeskommune (finans)</li> <li>• Næringslivet (påtrykk)</li> <li>• EKOM-bransjen (kompetanse og gjennomføringskraft)</li> <li>• Norec</li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Delta i utvikling av ny temaplan for digitalisering og telekommunikasjon saman med fylkeskommunen (inkluderer både breiband, mobilnett og tenester)</li> <li>2. Bidra til å etablere eit prosjekt som gir innsikt i digitalt utanforskap i vår region</li> <li>3. Formidle behov og ha dialog med leverandørane i regionen</li> <li>4. Påverke nasjonale styresmakter for å sikre finansiering til breibandutbygging og sikre opne og rettferdige kriteria for tildeling av midlar</li> <li>5. Følge opp dei attverande kommunane sitt arbeid med å ferdigstille restområde</li> <li>6. Dele meir kunnskap i media og i eigne flater om kva som er status og utfordringar i regionen</li> <li>7. Vurdere erfaringsdeling via Norec og deira program</li> </ol>	<p>Vi vil rekruttare enklare, gje grunnlag for etablering av arbeidsplassar i heile regionen, bidra til livskvalitet og hindre digitalt utanforskap. Alt i alt vil det å nå målet motverke befolkningssnedgang og bidra til vekst og utvikling.</p>	<p>Dekningsprosent presentert i EKOM-statistikken, skilt på by og distrikt.</p> <p>Adm vurderer status på mål og presenterer kvartalsvis ved hjelp av fargane grønt (i rute), oransj (under oppsikt) og raudt (i fare -krev tiltak).</p>

3. Vi skal bidra til auka rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi.

MÅL 3	Problem vi skal løyse, eller moglegheiter vi skal gripe	Interessentar	Tiltak for å nå mål	Korleis vil det å nå dette målet få effekt?	Korleis vil vi vite at vi har nådd målet?
 <b>IT-FORUM VEST</b> <b>Vi skal bidra til rekruttering, mangfald og utdanning innan teknologi.</b>	<p>Rekruttering er peika på som ei av dei største utfordringane framover. Tilgang til teknologisk arbeidskraft er særleg prekær og det høyrer og saman med utdanning av kandidatar frå teknologifag. Vi bidro til å etablere IT-utdanning i Førde og må følgje opp og bidra til at etableringa blir vellukka.</p> <p>Studentrekruttering, få kvinner blant studentane og tilgang på kvalifiserte lærarkrefter er utfordringar vi må løyse. Vi må også bidra til at fleire får tilgang til teknologisk arbeidskraft totalt sett i regionen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen på Vestlandet</li> <li>• Framtidsfylket</li> <li>• Vestlandsforskning</li> <li>• Sparebanken Sfj</li> <li>• Sunnfjord Utvikling</li> <li>• Helse Førde</li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Vidareføre arbeid for rekruttering av jenter, kvinner og innvandrar for å gje eit større mangfald av studentar, lærarar og rettleiarar.</li> <li>2. Nytte resultat frå prosjekta Kvinneløftet – FixIT og Teknoløft SFj og for å gjennomføre informasjons- og motivasjonsopplegg for breiare rekruttering.</li> <li>3. Få oversikt over og formidle kvinnelege rollemodellar i Vestland innan IKT.</li> <li>4. Bidra til å kople næring og forvaltning i regionen inn i studentjobbar, gjesteforelesingar og studentoppgåver for å gjøre utdanninga så relevant som mogleg og skape best mogleg studentmiljø.</li> <li>5. Bistå SU i å etablere pilotprosjekt i regionen for kortkurs i programering</li> <li>6. Vidareføre konferansen i regi av gruppa for oppvekst og utdanning for å støtte barn og unge i Vestland med å bli digitale borgarar og utvikle kritisk sans.</li> <li>7. Følg opp DIWA-prosjektet til Vestlandsforskning.</li> <li>8. Vurder å innføre ITFs "mangfaldsknapp».</li> </ol>	<p>Vi vil bidra til at næringsliv, ff. Sektor, utdanning og forsking får tilgang til nødvendig kompetanse. Å auke mangfald vil vere avgjerande for verdiskaping og konkurransedyktigheit i regionen framover.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Adm vurderer status på mål og presenterer kvartalsvis ved hjelp av fargane grønt (i rute), oransj (under oppsikt) og raudt (i fare - krev tiltak).</li> <li>▪ Tal studentar som byrjar på it-utdanninga ved HVL, særleg ved campus Førde, inkl. kjønnsfordeling</li> <li>▪ Tal uteksaminerte it-studentar frå IT-utdanningar i HVL, inkl. campus Førde, inkl. kjønnsfordeling.</li> <li>▪ Tal kursdeltakarar på kortkurs</li> <li>▪ Tal søkerar til it-stillingar i regionen.</li> <li>▪ Vurder SSB-statistikk mangfald i næringslivet</li> </ul>

4. Vi skal vere med å utvikle næring og skape arbeidsplassar innan teknologi og helse.

Mål nr. 4 	Problem vi skal løyse, eller moglegheiter vi skal gripe	Interessantar	Tiltak for å nå mål	Korleis vil det å nå dette målet få effekt?	Korleis vil vi vite at vi har nådd målet?
<b>IT-FORUM VEST</b>  <b>Vi skal vere med å utvikle næring og skape arbeidsplassar innan teknologi og helse.</b>	<p>Velferdsteknologi er ei offentleg hovudsatsing og nyt stor interesse og engasjement frå heile fylket. Det har store økonomiske effektar for kommunane og gir høg profilering av fylket. 34 kommunar i Vestland er med. I tillegg er spesialisthelsetenesta, utviklingssentra og FoU-organisasjonar med.</p> <p>«Helsenæringsmeldinga» peika på stort potensiale for utvikling av helsenæring gjennom samordning og stimulering frå offentleg sektor (Meld. St. 18 (2018–2019) «Helsenæringen — Sammen om verdiskaping og bedre tjenester»).</p> <p>Offentlege innkjøp er ein stor og viktig marknad for verksemndene. Dette har også eit stort potensiale for å stimulere nasjonal og regional innovasjon og entreprenørskap. Det krev god bestillarkompetanse og god kunnskap i offentleg sektor. Her har Vestland no er fortrinn som må utnyttast.</p> <p><u>Helseteknologi er det nærmeste temaområdet IT-forum Vest kan engasjere seg i for å stimulere ny næringsutvikling.</u></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• E-helse velferdsteknologi Vestland (kommunane)</li> <li>• Helse Førde</li> <li>• Helse Vest</li> <li>• Norwegian Smart Care Cluster (Stavanger)</li> <li>• Alrek helseklyngje Bergen</li> <li>• Vestlandsforskning</li> <li>• Kunnskapsparken</li> <li>• Sogn og Fjordane Næringsråd</li> <li>• NHO Vestland</li> <li>• Innovasjon Norge</li> <li>• Sparebankstiftinga Sfj</li> <li>• Sparebanken Sfj</li> <li>• Sunnfjord Utvikling</li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samarbeide med relevante interessantar - delta på arrangement og styrke nettverk.</li> <li>2. Støtte Sunnfjord Utvikling i etablering av næringsklyngje og i samarbeid med dei andre klyngene.</li> </ol>	<p>Vi vil kunne bidra til å etablere sterke næringsklynger med stort potensiale for vekst og utvikling av produkt og tenester som særleg det offentlege treng i framtida.</p> <p>Vestland vil styrke sin nasjonale og internasjonale posisjon.</p>	<p>Adm vurderer status på mål og presenterer kvartalsvis ved hjelp av fargane grønt (i rute), oransj (under oppsikt) og raudt (i fare -krev tiltak).</p> <p>Etablering av helseteknologiklyngje i Sunnfjord – framdrift prosjekt.</p>

## 5. Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon.

MÅL 5 	Problem vi skal løyse, eller moglegheiter vi skal gripe	Interessantar	Tiltak for å nå målet	Korleis vil det å nå dette målet få effekt?	Korleis vil vi vite at vi har nådd målet?
<b>IT-FORUM VEST</b>  <b>Vi skal ha ein velfungerande og synleg organisasjon</b>	<p>Vestland treng sterke stemmer og samarbeid på viktige tema. ITF har tradisjon for å vere ei viktig stemme og alliansepart i samfunnet og for å påverke prosesser på våre tema gjennom samarbeid med andre nettverk. Vi må halde på relevansen og bli meir synlege i mylderet.</p> <p>Vi har begrensa økonomi og treng "fleire bein å stå på". Vi er kjent for å vere fleksible og ubyåkratiske, men må få ned nøkkelmannsrisikoen og stette krav og behov interessantane har til oss n.d.gj. administrasjon og organisasjon.</p> <p>ITF er for lite kjent i sør og hovudvekta av styremedlemmer og medlemmer er frå nordfylket. Vi må jobbe meir med heile regionen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medlemmer</li> <li>• Styret</li> <li>• Leverandørar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestlandsforskning</li> <li>• Anne Mette Hjelle AS</li> <li>• Gasta AS</li> <li>• Økonomiservice, Sogndal</li> <li>• Deloitte Sogndal (revisor)</li> <li>• IT-leverandør</li> </ul> </li> <li>• Finansielle aktørar: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vestland Fylkeskommune</li> </ul> </li> <li>• Samarbeidspartar <ul style="list-style-type: none"> <li>• Næringsalliansen Vest</li> <li>• KS Vest</li> <li>• Sfj Næringsråd</li> <li>• Bergen Næringsråd</li> <li>• Regionale næringsselskap</li> <li>• m.fl.</li> </ul> </li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Auke synlegheit og legge til rette for gode nettverk og møteplassar.</li> <li>2. Sikre dagens finansiering, finne sekundær og levere på partnarskapsavtalen.</li> <li>3. Tilpassa mva-vedtak i budsjett og aktivitet - evaluere og legge fram eit oppdatert grunnlag i forkant av årsbudsjett</li> <li>4. Utgreie kompetansesamansetting og ressursbruk i dagens adm opp mot framtidig mål - vurdere fulltidstilsett</li> <li>5. Få på plass strategi som sikrar god styresamansetning opp mot formål</li> <li>6. Utarbeide og dele årleg klimarekneskap og vurdere berekraftsrapport</li> <li>7. Vedta kommunikasjonsplan</li> <li>8. Gjennomføre medlemsundersøkingar, minimum annakvart år.</li> <li>9. Vedta modell for årleg strategirevisjon med mål om å definere tydeleg samfunnsoppdrag i satsingsområde</li> </ol>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi får betre driftsresultat og – kvalitet.</li> <li>• Det blir enklare å rekruttere medlemmer i heile Vestland.</li> <li>• Vi får lettare innpass og tilgang til moglegheiter hos viktige interessentgrupper i heile Vestland.</li> <li>• Vi får eit meir engasjert styre som vi lettare rekrutterer til.</li> <li>• Vi blir meir attraktive å jobbe med for leverandørar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi gjennomfører det vi har satt som mål gjennom handlingsplan og vedtak i styret</li> <li>• Vi oppfyller styreinstruks og instruks for administrasjon</li> <li>• Vi får gode målingar på medlemsundersøking, der minimum 70 % er overordna tilfreds.</li> <li>• Vi får ja på våre søknader om prosjektmidlar og/eller finansiering</li> <li>• Adm vurderer status på mål og presenterer kvartalsvis ved hjelp av fargane grønt (i rute), oransj (under oppsikt) og raudt (i fare -krev tiltak).</li> </ul>

## Berekraft

Dette peikar mot berekraftmåla, men særleg desse seks:

**3: God helse:** Det er relevant for oss pga. sentralisering og demografiske utfordringar og der våre løysingar er breiband og e-helse. Sjå våre mål nr. 1 og 2.

**4: God utdanning:** Rekruttering og tilgang til it-kompetanse er viktig for oss skal vi nå våre mål. Våre grep er satsing på mangfold, rekruttering og utdanning på teknologi-området, jf mål nr. 3.

**8: Anstendig arbeid og økonomisk vekst:** Dette målet er viktig for vårt samfunnsoppdrag og visjon. Vårt svar er satsing på utvikling av nærings og arbeidsplassar knytt til IT Forum Vest sine tematiske område, jf. Mål nr. 4.

**9: Industri, innovasjon og infrastruktur:** Vi bidrar til å bygge solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon gjennom vår satsing på breiband og teknologi, jf. Mål 1, 2 og 3.

**11: Berekraftige byar og lokalsamfunn:** Vesentleg for vårt samfunnsoppdrag og visjon. Vårt bidrag er vårt samfunnsoppdrag og våre satsingar med tilhøyrande tiltak.

**17 – Samarbeid:** Dette målet handlar om samarbeid og partnarskap om å nå måla. Samarbeid har alltid vore viktig for oss. Dette er forankra i vårt samfunnsoppdrag.



Vi skal vere ein viktig alliansepart og sterk bidragsytar for å skape ein god morgondag for alle i Vestland gjennom bruk av teknologi.